

Til

12.02. 2018

Mette Træland, barnehage rådgjevar

Øyvind H. Oddekalv, ordførar

Martin W. Kulild, rådmann

Innkalling til dialogmøte om plan for barnehagetenesta i Meland kommune.

Der har vore ein del lov og regulerings-endringar rundt barnehagedrift vedtatt det siste året. Nye høyringar ligg ute denne våren, og vedtak er gjort på lokalt plan. Med bakgrunn i dette ser vi at det er nødvendig med eit dialogmøte mellom ordførar, administrasjon og representantar frå oss som driv barnehagetenesta i Meland kommune. Vi treng å leggja ei berekraftig plan for korleis barnehagedrifta skal sjå ut dei neste 5 åra;

- Barnetal/statistikk
- Konsekvensar av lovendringar
- Kapasitet hjå barnehagane
- Felles løysingar som kan presenterast kommunestyret

Vi har sett av to datoar for møtet, og vonar ein av dei kan passa;

torsdag 22.02. 2018 klokka 1400, eller

torsdag 01.03. 2018 klokka 1000.

Vennligst gje tilbakemelding kva som fungerer best for dykk innan fredag 16.02. 2018.

Vi ser fram til eit konstruktivt møte der vi saman kan leggje til rette for god ressursbruk, og gje barn og foreldre i Meland kommune ei jamn, kvalitetsrik barnehageteneste.

mvh

Blåklokka barnehage v/Rigmor Sletten

Drømmehagen barnehage v/Fredrik Seliussen

Leiketun barnehage v/Bjarne Kvam

